



Hjelmås VVS AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar: Ref.:JAJGNB-
Skjemanr.:3934
Vår: 22/2774 - 22/31626

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
25.04.2022

Godkjent rørleggermelding - gbnr 196/107 Midtgård og 195/59 Leiknes

Vi viser til rørleggjarmelding motteke 25.03.2022 med vedlagt situasjonsplan (VA-kart)

Adresse byggeplass: Leknesvegen 183 – Gbnr 196/107
Type bygg: Næringsbygg
Type arbeid: Tilknytning offentlig vatn og avløp

Rørleggjarmeldinga vert godkjend på følgjande vilkår:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Stikkledningar skal opparbeidast i samsvar med søknad om sanitærabonnement.
Større endringar skal varslast underteikna. Ved behov for trykkauke/reduksjon visar vi til pkt. 2.1.3 i tekniske bestemmelser.

Tilbakeslagsikring:

Alle næringsbygg skal ha tilbakeslagssikring i h.h.t. NS.EN. 1717. Dette skal dokumenterast i ferdigmeldinga.

Vassmålar:

Alle nye næringsabonnentar skal ha montert vassmålar og betale etter faktisk forbruk. Vassmålar får ein ved å venda seg til VA-avdelinga på driftstasjonen på Stølen 7. Registeringskjema for vassmålar skal sendast inn saman med ferdigmeldinga. Vassmålar skal lesast av årleg av abonnent. Hugs å føra på skjema kva a-konto størrelse i m³ me skal leggja inn på kunde pr. år. Det må også komma tydeleg fram kven som er fakturamottakar/tiltakshavar og org. Nr.

Ferdigmelding:

Når arbeidet er utført, skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen med oppdatert situasjonsplan med innmålingsdata som bygd/sosifil. Situasjonsplanen skal visa rørføring frå bygg til tilkopling offentlig ledning.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

Det vil ikkje bli skrive ut ferdigattest for bygget/anlegget før ferdigmelding er godkjend.

Av omsyn til kunde er det viktig at ferdigmeldinga vert sendt inn straks arbeidet er utført. Dette for å unngå etterfakturering av kommunale gebyr.

Hugs at søknad om godkjend ferdigmelding må sendast inn i god tid før ein skal søkja om midlertidig bruksløyve og/eller ferdigattest.

Tilknytingsgebyr:

Gebyr vil bli fakturert etter gjeldande satsar. Vi gjer merksam på at arbeidet skal ikkje igongsetjast før gebyr er betalt. Røyrleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før oppstart.

Endring av tilknytning til kommunalt vatn/avløp

Alle endringar i ettertid, som medfører vesentlege endringar i vassforbruk eller utslepp, krev løyve frå kommunen, og skal omsøkjast. Søknad skal skje på røyrleggjarmelding KF-570.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jon Fredrik Mostrau

Vardane 47

5911

Alversund

Mottakarar:

Hjelmås VVS AS

Torvhusmyrane 2 5913

EIKANGERVÅG